

Bakgrunnsinformasjon for guider om den eldre bondekulturen i Lom.

Søren Hald 2012ⁱ.

Innholdsfortegnelse

Lom Bygdemuseum blir til.....	3
Det gamle bondesamfunnet.....	3
Den gamle garden	4
Tuna og husa på den gamle garden	4
Stuguhusa. Rominndelingen.....	4
Driftsbygningene på garden.....	6
Arbeidslivet på den gamle garden.....	7
Fløttardagane	8
Arbeidslønn i penger og naturalier	8
Arbeidsdagen på sommeren.....	8
Arbeidsdagen på vinteren.....	8
Arbeisåret.....	10
Våronna	10
Vanningen.....	11
Slåttonna	15
Skurdonna	16
Løving	18
Måsåtakinka	19
Truskinga	19
Slaktinga	21
Ølbryggjinga.....	22
Bakingen	23
Brød for gjestene.....	25
Matstellet	25
Grøten	26
Måltider i løpet av dagen	27
Kaffen	27
Festmaten.....	28
Bordskikk	29
Klestellet.....	29
Klesvask, stryking, rulling.....	34

Lom Bygdemuseum blir til

Hausten 1924 baud Olav Aukrust fram for sal ein del av samlinga si av handverkarkunst. Eldsjelar gjekk i spissen for å hindre at samlinga reiste ut av bygda. Lom kommune løyvde 12000 kroner, og det vart samla inn 8 000 kroner privat for å dekkje takstsummen på 20000 kroner. Dette var starten på Lom Bygdamuseum. Samlinga var på 355 gjenstandarⁱⁱ.

1925 vart det skipa eit museumslag til å ta seg av samlinga. Frå 1926 heiter laget Lom Heimbygdslag, og dei skulle vera styre for Lom Bygdasamling. Fyrste åra var Lom Bygdasamling stilt ut i drengestugu i Gamelprestgarden

I 1937 vart Lom Bygdasamling huslause fordi drengestugu var selt og skulle flyttast. Frå 1938 var samlinga lagra i Storstaburet, og der låg ho til ho kunne stillast ut i Glømsdalssstugu. Lom Heimbygdslag hadde kjøpt Glømsdalssstugu og stallen på øvre Glømsdal i 1933. På slutten av 1930-talet hadde tanken om å reise ein Lomsgard begynt å ta form. Heimbygdslaget hadde to hus, og kommunen hadde fått Olavstugu i gåve. Men det gjekk heilt fram å 1944 før Glømsdalssstugu vart sett opp i Prestthaugen, som fyrste huset på Lomsgarden. Lom kommune sette opp Olavstugu som fø'rådsstugu. Nå kunne Lom Bygdasamling stillast ut-att.

Utover 1940, -50 og -60-talet vart dei andre husa på Lomsgarden sett opp, og Lom Bygdamuseum tok form. Seinare kom det til både husmannsplass, seter og greneskule. Husa i museet er frå ulike gardar rundt i bygda, og nokre er frå grannebygdene Skjåk og Vågå.

I 1988 tok Lom kommune over alt ansvaret for Lom Bygdamuseum. Fra 2003 overtok Museet i Nord-Gudbrandsdalen driftsansvaret og fra 2008 Gudbrandsdalsmusea. Gudbrandsdalsmusea eier verken gjenstandssamlingene eller museumsbygningene. Eierskapet forvaltes av Lom kommune på veine av Lom Heimbygdslag.

Det gamle bondesamfunnet

Garden og grenda var det grunnleggjande i det gamle bondeesamfunnet. Garden var "sentrum for arbeids- og ervervslivet". Tunet, husa på garden, var ramma for det daglege livet og virket. Garden og grenda var staden der alle hendingane gjennom livet gjekk føre seg; fødsel, bryllaup, ekteskap, død og jordferd, julefeiring og andre samankomster og gjestebod gjennom heile året. Grenda var eit be 'arlagⁱⁱⁱ. Grensene for grenda bestemte kven som skulle bedast når det var lag. Dei som braut skikken og sette att nokon innafor be'arlaget vart åttykte. Be'arlaget skapte eit sterkt fellesskap i grenda.

Bygdesamfunnet var eit bondesamfunn som var sterkt tradisjonssbunde. Alt folk gjorde vart utført etter skikkar og tradisjonar som gjekk langt attende i tida. Nye skikkar og ny reiskap vart nok teke i bruk da som nå, men utviklinga gjekk ikkje så fort

I bondesamfunnet levde ikkje berre bønder. Det var tenestefolk, husmenn og handverkarar av ulike slag. I delar av landet kunne det sosiale skiljet mellom bonden og desse gruppene vera stort, i andre delar var dette skiljet mindre merkande. Trass i sosiale skiljelinjer hadde folket innafor eit bygdesamfunn likevel eit fellesskap. Dei hadde for det meste same livssynet og livsinnstillinga, og mange av skikkane og tradisjonane hadde dei felles.

Den gamle garden var eit ættesamfunn, med ei sterk ættekjensle og ein lang ættetradisjon. På mange gardar hadde same ætta vore i mange hundre år. Ætta bakover og tradisjonane om ho vart hal de levande frå generasjon til generasjon. Folk heldt nøyne greie på slekta si, og bakover åt firmenningar var det vanleg å rekne som nært skyldskap. Det var sterk samkjensle og solidaritet innafor ætta, men likevel hende det at dei stellte seg låkt dei som skjemde ut slekta.

Det gamle bondesamfunnet var eit sjølvforsyningssamfunn. Det meste av det som trongst vart produsert på garden. Dyra gav kjøt, mjølk, ost og smør. Men dei gav og andre produkt. Ulla av sauene vart til garn, som det vart vove ty og strikka av. Alle kleda vart laga heime. Huda og skinna av dyra vart barka heime, og nytta til sko, klede, fellar, reip og hiter. Mest all reiskapen det var bruk for, både inne og ute, vart laga heime.

Mange var netthendte og laga alt sjølve, men det fanst bygdahanddverkarar; skreddarar, garvarar, skomakarar, snekkarar og smedar, som reiste rundt i gardane. Mange gardar dyrka både lin og hamp, som vart foredla og brukt til klede og tekstilar. Linet til stasbruk og hampen til kvardags bruk.

Arbeidsdelinga i det gamle bondesamfunnet var fast. Karane tok hand om arbeidet med jorda. Kvinnfolka tok hand om ungestellet, mat- og klestellet og fjosstellet. I tillegg var dei og med ute på jordet i onnene.


Den gamle garden

Tuna og husa på den gamle garden


Tuna på den gamle garden her i distriktet (Lom, Skjåk) kunne kjenneteiknast på plasseringa av husa. Det vanlege var at husa vart plasserte kring to tun, eit for folka og eit for dyra. Våningshusa og forrådshusa kring gardssplassen (inntunet) og fjosa, låvane og lyu kring nautgarden (uttunet). Dei ulike husa var bygd etter same lesten på alle gardane. Det var storleiken på husa og utsmykkinga av dei som varierte etter økonomien og kor stor garden var. Kvar praktisk funksjon på garden hadde sitt eige hus; eldhus, smie, tørstugu, kvernhus og truskarlåve. Likeeins hadde bådet folket og feet kvar sine hus. Innhuset (våningsshuset) åt sjølvefolket og fø 'rådsstugu (kårstugu) åt gammelfolket. På større gardar kunne det vere drengestugu. Gamelprestgarden hadde drengestugu. Stall, fenadfjos og småkrytyrfjos (sau og geit) var vanlege hus åt dyra. Stabbur og loft åt korn, mat og klede. Låve og lyu åt lo^{iv} og fòr. Nå i dag er det meste samla under nokre tak.

Stuguhusa. Rominndelingen.

Stuguhusa på garden hadde ei planform som er kalla treromsplan med forstugu. Ein kom direkte inn i ei forstugu, og frå denne forstugu var det dør på gavlveggen inn åt stugu.



Treromsplan med forstue som Olavsstugu har hatt tidligere.



Akershusisk grunnplan med sval som Olavsstugu

En ny stuguplan og stuguinnreiling, den akershusiske stuguplanen, vart truleg vanleg i Nordalen rundt, eller like etter, år 1700. Skorsteinen med pipe vart teke i bruk, og inndelinga av stugu vart endra til eitt stort rom, stugu, og eit mindre siderom, kleva 'n, som vart delt i to med ein bordvegg. Stugurommet kallar vi og framme. Inngangsdøra vart flytt tillangveggen i stugurommet, og det vart sett på ei sval framfor døra. Det som før var forstugu vart nå teke i bruk som kleva.

Dei skåpa vi i dag kallar stuguskåp eller framskåp, kom med den nye stuguinnreiinga. Stuguskåpa med opne hyller, kannestolen, er truleg frå før 1700-talet. Stuguklukka vart truleg vanleg i Nordalen mot slutten av 1700-talet og fyrst på 1800-talet. Den rosemåla kista som vi kjenner i dag, gjekk av moten i byane på 1700-talet, men vart i staden teke i bruk på bygdene. Slike kister som "Skottekista" i Olavstugu, er nok ei eldre type kiste.



Skottekiste. LBY 0002




Rosemalt kiste. LT 373

Da skorsteinen kom, og ljoren i taket vart borte som ljoskjelde, vart det teke hol på veggen for glas. Når ein kom inn i stugu frå svala hadde ein skorsteinen rett imot på motsette langveggen. Stugubordet med bordkrakken stod ved gavlveggen, midt imot klevadørene. Hægsæte (høgsetet) og roskåpet var i motsett ro av skorsteinen. Stuguklokka, stuguskåpet (framskapet) og blandstampbenken stod ved langveggen mellom hægsæte og døra. I motsett ro av utdøra var det ofte plassert ei seng.



Blandstampbenk. LBY 216



Klokke. LBY 482^v



Roskap. LBY 483



Framskap. LBY 215

Innreiinga var fast, og ein fann att dei same møblane og same plasseringa av dei i dei fleste husa. Mot midten av 1700-talet vart det behov for større hus, og det vart vanleg å byggje i to høgder.

Skorsteinen med pipe var kome i staden for åren og ljoren, så det var ikkje noko som hindra ein i å bygge i høgda. Åstaket vart da borte, og flattaket kom i bruk, men det vart halde på den akershusiske romplanen i fyrste .

Driftsbygningene på garden

Eldhuset hadde same funksjonen som det vi i dag nemner som bryggjerhus eller grovkjøken/vaskerom i nye hus. Der vart det båkå, ysta, vaska klede og vermt vatn når det var husvask. Kanskje var det i eldhuset dei dreiv når dei bada seg og?

Låvane var til vanleg delte i tre rom med låvebru, køyrebru, midt på eine langsida. Låvebrua gjekk inn på truskargolvet som var i midten. På kvar side av golvet var det forrom, logolivet og/eller jorgolvet. På store gardar kunne det vere fleire låvar, som hadde ulike narnn. Bygglåve, ruglåve og truskarlåve var namn som vart brukte.

Lyu vart brukt til oppbevaring av høyet, og hadde berre eit rom. Det kunne vere ei eller fleire lyu i samband med nautgarden, og det kunne vere lyu ute i marka. Desse husa kunne og ha ulike namn, jorlyu, aktarlyu og våronnlyu.



Seterlyu. Lom BM



Tørstugu. Lom BM



Stall. Lom BM

Fjosa var dyrehusa. På den gamle garden var det eit fjos for kvart dyreslag. Fenadfjoset gav plass for kyr, kalvar og lausnaut. Småakkrytyrfjoset var til sauens og geita. Mange av gardane hadde gris hus. Fenadfjoset var oftast så stort at det hadde fleire gjylmingar, det var sett inn delingsvegger. Småakkrytyrfjoset var hus med eit rom. Kua stod på bås, medan geita og sauens gjekk lause på teille (talle).

Stallen var ofte det dyrehuset det var lagt mest arbeid på, for hesten hadde høg status. Ofte var stallen tvihøg, slik at andre høgda var førtrev. Hesten fekk beste føret, og dette vart lagra for seg sjølv.

Tørstugu og kvernhus vart brukt i kombehandlinga. I tørstugu vart kornet turka før det vart male på kverna. I Lom vart tørstuguomnen brukta til kakusteikjinga og.

Smiu var eit viktig hus, det var "verkstaden" på garden. Medan det var vanleg å gjera mykje av reiskapen heime og folk vølte det dei hadde medan det var råd, var smiu eit naudsynt hus på garden.

Arbeidslivet på den gamle garden

Folka på garden var mange i talet før i tida. Det var ikkje uvanleg at tre generasjonar levde saman. Det var bonden og familien hans, kjerring og ofte mange ungar. Før'rådsfolk var det dei fleste plassane. Hadde brukaren ugifte sysken var det vanleg at dei budde heime på garden, ofte saman med foreldra i før'rådsstugu'n.

På store gardar var det mykje tenestfolk heile året. Ei eller fleire innjenter, budeie og ein eller fleire gardskarar. I onnene var det leigt inn lausfolk i tillegg til at husmennene hadde arbeidsplikt. Når det

var båking og slakting kom det bakstkjerring og slaktarkjerring til gards. Var det større lag, slik som gravøl og gjestbo', var det støtt mykje styr. Håndverkarar var det til faste tider på året, og ofte hadde dei både kosten og losjet^{vi}.

Fløttardagane

Fløttardagane delte arbeidsåret i to halvdelar, sommarhalvåret og vinterhalvåret. Sommarhalvåret tok til ved såmmårmål (sommarrdagen), som var 14. april. Vinterhalvåret tok til ved vinternatt, med vinternetom (vinterdagen), som var 14. oktober. Det var vanleg å få seg tenest for eit halvår om gongen, og skulle tenestfolka byte arbeidsplass, gjorde dei det desse to dagane.

Arbeidslønn i penger og naturalier

Arbeidsløna var avtala som ein fast sum i pengar for dei som hadde lovt seg for ei arbeidsperiode (eit halvår). I tillegg til pengesummen var det vanleg at dei hadde "fulde klæder" som ein del av løna. Fulle klede var ei fast norm, to par sko, eit par nye sokkar, eit par attibunde sokkar, to skjorter, kledning (stakk/bukse) og eit par vottar. I tillegg til dette hadde dei kosten.

Dei som gjekk i arbeid som lausfolk hadde dagløn, akkordløn eller dei hadde betalt for skaplaget (ska'plaget). Skaplag vil seia at dei hadde ein fast sum for eit bestemt mengde arbeid som skulle gjerast på ei bestemt tid.

Eit vanleg skaplag var 10 treva for dagen i skurden, eller 100 kjørv med bjørk i lauvhogsten. Skaplaget vart sett til kva vedkommande dugde til, og kvar arbeidet skulle gjerast. I skurden kunne det vera akkordløn etter talet på treva når det vart skore i tjukkåker, men etter areal når det var skore i tunnåker. Ved siste hundreårsskiftet var løna 8 - 10 øre for trevan^{vii}. Husmennene betalte oftast avgifta på plassen på denne måten.

Arbeidsdagen på sommeren.

Arbeidsdagen var delt inn i økter. Om sommaren var det vanleg å starte dagen kl 5, frå lenger attende kl 4. Hiorthøy fortel at arbeidsfolket fekk eit stykke rugbrød og ein dram attåt før dei tok fatt på fyste økta. Mårgåverdsøkta vara til kl 7 og dugurdsøkta til kl. 10. Dugurdskvil'n var to timar. Arbeidssfolket fekk ofte noko å bite i før dei gjekk ut att. Dei fekk kaffe da han vart vanleg. Nonsøkta vara til halvtre, halvfire eller 4, det varierte noko. Nonskvil 'n var 1 til halvannen time lang. Arbeidsdagen slutta og derfor noko ulikt. Det varierte frå kl 8 til 9. Det har vore tradisjon at det var kvild i økta under onnearbeidet.

I kveldsøkta kom kvinnfolka ut på jordet med kaffe eller anna drikke og ein matbeta. Mange plassar vart dette praktisert opp mot vår tid^{viii}. Når arbeidssfolket skulle inn til måls, vart det ringt med supklukka. Arbeidsfolket kjende klangen i "si" klukke.

Arbeidsdagen på vinteren.

Vinterstid starta dagen noko seinare, truleg ved sjutida for dei som var på låven og truska. Karane som var på køyring (måså, seterhøy eller tømmer) starta tidlegare vinterstid og. Det same gjorde kvinnfolka, dei hadde ofte ei stund ved rokken før dei gjekk til fjosstellet eller anna arbeid.

Etter at det var mørkt om efta'n var det innearbeid. Karane laga nye ting eller vølte sliti reiskap, kvinnfolka spann, vov eller bøtte klede. Arbeidsløset var ikkje det beste etter vår målestokk. Eldste

Ijosstellet er kolo (kola), ei skål med lyse (tran) og vege i^{ix}. Fantståkån var ein ståkå med ljosrak på. Fantraken var spunne av hamptagl og duppa i sautolg. Raken vart tvinna rundt ståkåen og enden festa i ei kluft øvst. Seinare kom lykter og stakar ein sette tolgljos i. Parafinlampa vart truleg vanleg i 1860 - 70-åra.



Kolo. Tranlampe^x.

Om kveldane samla folket seg rundt skorsteinen til kveldseto. Skreddartimen kalla dei stunda før dei tende ljosa om kvelden, og dei kunne ta fram arbeidet sitt. Dette var ei fredeleg stund da folket fekk setja seg ned og kvile etter ein hard arbeidsdag.



Strikkende kvinne. Anders Zorn, 1901^{xi}

Dei sat med ymse arbeid og hadde ljós frå elden. Kvinnfolka sat med karding, spånå (spinning) eller ein bunding (strikkung). Rokken og tonakassa^{xii} hadde fast plass ved skorsteinen.



Karde. LBY 0907

Tonakasse. LBY 0045

Rokk. LBY 0498

Karane tok med seg arbeidet sitt inn, dei sat og spikka tresleiver, laga solvar og andre ting det var bruk for. Ellr dei vølte ting. Ofte låg det solveris langt utover golvet. Når dei var ferdige med arbeidet om kvelden, vart sorpet sopt inn i roa ved skorsteinen, sorperoa. K veldseto var både arbeid og sosialt samvær. Medan dei arbeidde kvar med sitt, vart det fortalt om slekta og hending ar det var viktig at dei yngre fekk greie på. Dei gamle var viktige kjelder her. Ungane "lydde og lærde", og fekk med seg tradisjonane vidare. Songtradisjonen og segntradisjonen gjekk og vidare på denne måten.

Arbeisåret

Våronna

Våronna la grunnlaget for det daglege brødet gjennom eit heilt år. Det var viktig at ho vart gjort i rett tid. Ein dag om våren gjev ei veke om hausten, sa dei gamle. Fyrst måtte møkkjakoken ved fjosveggen køyrast ut på åkeren. Møkka måtte breiast for hand.

Reiskapen var enkel, jarnskodd trespådå og grep av tre. På brattlendte bruk hende det nok at dei køyrde åkerbakkje au. Jord som med tida hadde vorte liggjande nedst på åkeren køyrde eller bar dei øvst på åkeren att. Åkeren vart pløgd, harva og rulla. Reiskapen var grindplogen, lekkjehårve og åkerrullen^{xiii}. Alt var laga av tre. Seinare kom det fabrikklaga plogar og harv med jamtindar. Det hende at dei gjekk over pløgja og slo sund dei største jordklankane med ei koda (treklubbe).



Plog. LBY 0546



Harve. LBY 0557



Åkerrulle^{xiv}.

Det vart sådd for hand. Det var bonden sjølv, eller ein eldre tenestkar han leit godt på, som sådde. Kornet var "Gudslånet", og såinga var høgtid, mest som ei heilag handling, så dei gjekk alltid berrhugust når dei sådde (jmf. å ta av seg huva når ein går inn i kyrkja). Seinare kom det maskinar i bruk, slik som den Lomske såmaskina. Når det vart prata om køynnet, var det alltid bygget ein meinte. Dei fleste gardane avla og noko rug og havre, og mange hadde lin- og hampeåker.



Den lomske såmaskine. LBY 0559



Pål Brenna med den lomske såmaskine. 1963^{xv}

Vanningen

Vatninga var eit ufattelag stort arbeid gjennom heile sommaren. Området vi bur i blir ofte nemnt som "Nordens Sahara". Årsnedbøren er på lag den same, 350 mm. For at det i det heile skulle bli avling var folk avhengige av den kunstige vatninga.

Når arbeidet med dei fyrste vassvegane starta er det vanskeleg å seia noko om. Ei rettsak frå 1598 fortel at fem lagrettsmenn skulle "Grandske og forfare nogen Vand-Veyde mellom tvende Gaarde som var Bustad oe Vange her på forne Lomb liggendis" (Lom og Skjåk var ei kommune den gongen.)

Vatnet vart ført til bygds frå tjønner og teppingar (kunstige vassdammar) langt inn i fjellet. Lengste vassvegen i Lom, Nordstrandvatnet, er om lag 20 km lang. Vassvegane vart grave ut i terrenget der det var råd. I urer og vanskeleg terrenge vart vatnet leia i trolag. Over dalane vart det bygd høgtrolag. Reiskapen dei hadde var spade, ofte berre jamskodd trespådå, våg (spett), kanskje ei hakke og sjølvlagda nivelleringsutstyr, vatervåga. Det er ufattelag korleis dei med slik enkel reiskap greidde å føre vatnet fram gjennom terrenget mange plassar. Mange plassar er det nesten uråd å ta seg fram.



Høgtrolag. Foto Brynjulf Aartun^{xvi}



Færavatning m stingerreko^{xvii}.



Synatevatnet (Baksiavatnet). Høgtro over Vulu^{xviii}

Som oftast var det fleire bruk eller ei grend som gjekk saman om å byggje vassveg. Det vart sett opp kontraktar med mange og strenge reglar for bruken av vatnet. Vassvegen hadde som regel ikkje nok vatn så alle kunne vatne likt, så vatnet måtte skiftast. Døgnskiftet vara frå 24 timer til to timer, etter storleiken på arealet. Var det turrvær, måtte dei vatne natterstid og.

Vassbasen vart oppnemnt av vaseigarane, og hadde som oppgåve å organisere den daglege drifta av anlegget. Han skulle seie ut folk til å ta på og av vatnet, og kalle ut mannskap til det daglege vedlikehaldet.


Vassgånga (reguleringa av vatnarvatnet) var den plikta den enkelte brukar hadde til å gå til fjells for å opne eller stengje for vatnet. Vassbasen sa ut den som hadde tur til å gå.

Felles vatnarvatn kunne ofte skape mykje strid. Det er ikkje få rettsaker som har vore om vassretten fram gjennom tida. Straffa for å misbruke vassretten var kontraktsregulert^{xix}. Følgjande herme etter ein husmann syner at misbruk ikkje var så uvanleg: "Vil Vårherre straffe me for alt vatnet e ha stole, da bli e aldrig benådet."



Spade brukt til graving av vassveger. LBY0891

Akervatninga, feravatninga, var nøye arbeid. Særleg ved fyrste vatningane var det naudsynt å ha ein god vatnar. Før vatninga kunne ta til måtte dei setja fera, dei grov opp vassrenner i jorda, eller køyrde dei opp med ein ard, forard. Ein god fera måtte ha passeleg helling. Ikkje for bratt så vatnet grov i feran, og ikkje for lat, da ville ikkje vatnet renne.



Fyrste vatninga vart kalla å stinge ut. Da tok dei alltid til nedst på åkeren og burtast på feran. Dei sleppte på vatnet eit lite stykke, ein sting om gongen, tetta han og sleppte på neste sting. Slik heldt dei på heile feran til endes. Slik vatna dei fera etter fera på same måten oppover, til heile åkeren var vatna. Til å stinge ut brukte dei ei stingarreko. Ho var stuttare og breiare enn skjeltreka.

Når det vart vatna andre gongen, tok dei til øvst på åkeren, der dei slutta fyrste gongen. Nå vart det brukt meir vatn, og bakvatnet rakk gjeme over andre feran, så dei greidde å vatne to om gongen. Dei stakk oppatt sting for sting, annakvar fera nedover heile åkeren. Etter at åkeren var vatna fyrste gongen, slapp vatnaren å vera så påpasseleg. Da kunne han ha med seg vatnarkrakk som han sat på medan han passa vatnet.



Vatnar på vatnarkrakk^{xxi}



Marketeksle (øks). LBY 1089

Markevatninga (vatninga av enga) var ikkje så arbeidssam som åkervatninga. Ho styrde seg mest sjølv. I marka vart same vatningssveitene brukta kvart år. Dei vart berre renska om våren. At dette arbeidet vart det brukta ei marketeksle.

Var åkrane svært turre, kunne det vera naudsint å skvette vatnet utover ved første vatninga for å hindre at jorda øyrde. Låg åkeren i svært bratt terregn kunne dei ikkje renne han, men måtte skvette han dei første gongane. Reiskapen som vart brukta blir kalla skjeltreko. Skjeltreko er ein trespade med langt, smalt blad. Kommunevåpenet vårt har tre skjeltreko i sølv på blå botn.



T.h. Vanning (skvetting av vann) med skjeltreko. Ca 1890^{xxii}
T.h. Fra vesntre mot høyre 2 skjeltreko, vatnarkrakk, stingerreko



Troe som vart brukta i åkeren vart nemnt som åkertro. Utholinga av vasstrø (ei tro, fleire trø) vart gjort med enkel ambo. Fyrst vart stokken, kalla troennlø, flathoggen. Troa vart grovhoggen med troøksa, augarøksa, smaløksa vart ho au kalla (spesielt smal øks). Ein hogg ned i stokken på tvers, med om lag

25 - 30 centimeters mellomrom. Dette kallast å grøype troe. Så vart det hogge ut på langs. Troteksla vart brukt til å finhogge troa. Arbeidsinnsatsen som låg bak vatninga var mildt sagt enorm. For som det heiter i ordtaket:

Slåtonna

Slåtonna kom seint før i tida. Høyavlinga var ofte snøyopen, for enga vart ikkje stelt slik som i dag. For å få så mykje for som mogleg vart det slege gras alle stader der det var noko å slå, på engjene, i åkerrreinene og i utmarka. Reiskapen var ljåen og handmakta. Ljåen var ein viktig reiskap. Ljåorvet og kaggane på orvet var ofte fint forma og skore på. Ljåbladet var festa til orvet med ljåtåg, og det var nøye korleis det var ibunde, det skulle stå ”øydd i egg”. Ljåstuppen skulle ikkje vera for høg. Ljåen vart slipt på slipsteine når karane gjekk ut etter måltida. Men dei hadde med seg bryne og brynstokk i beltet, og kvatte ljåen med jamne mellomrom. Det var viktig å ha kvass ljå. Brynstein fanst blant anna i Skårvangen i Vågå, skårvangsbyrne^{xxiii}.



Ljå. LBY 820.



Brynestokk m brynestein^{xxiv}



Bryne-(stein) LT 942

Å vera rask og god med ljåen gav stor ære. På slett mark gjekk slåttkarane i skårgang, dei gjekk etter kvarandre med kvar si ljåferd. Den beste slåttkaren var fyrykar, han gjekk fyrst og bestemte farten. Det hende slåttkarane hadde det moro med å skårjågå kvarandre^{xxv}. Kvinnfolka var med som rekstarar, dei breidde graset med rive. Det heitte seg før at ei jente skulle kunne breie graset etter tre slåttkarar før ho var dugandes til å bli kjerring. Eit anna ordtak seier at ein er ikje giftandes jente før ein kan båkå, spinne, løyse sund utu eit kry tyr.



Høyrive av tre. LT 926



Hesje. Foto Olve Utne, 2008.

Graset vart tørka på bakken, rekstarane raka det saman i rekjer. For at rekjene skulle tørkast måtte dei kå, snu høyet. Dei gjekk ofte mange etter kvarandre og kådde. Var det røytvær, la dei det halvturre høyet i mug^{xxvi}. Når høyturken var låk, vart graset hessa (hesja)^{xxvii}. Hesjstauren vart kalla hesskreka, og var ein grov staur som det vart bora hol og sett pinnar i. På desse pinnane vart slindene, rajene lagt. Så kunne dei leggja graset i hessa. Høyet vart køyrt inn med hest og sleda. Det vart sett på trestenger under meiane. Trestongsleda 'n glei fint på grassmarka. Sleda'n fekk med tida ein hjulgang av tre, og vart kalla kringelsleda^{xxviii}. (Kringler: små kubbehjul.) Seinare kom høyvogna i bruk, men ho vart truleg ikkje vanleg før opp mot vårt århundre. Dei som ikkje hadde hest måtte bera inn høyet på ryggen.



Høyslede. LT 1033



Høyslede(hjulslede)^{xxix}

Rekstarane var med å reinråkå. Det var om å gjera at kvart strå vart med. Ein som heitte Jo Flå var støtt så redd for orstråom. Ein gong sa han til rekstaren, ho Kari: "Du har iklje råkå vel, Kari", han såg det låg att ein fuglmat (harerug).

Etter at slåtten heime var unnagjort var det seterslåtten som stod for tur. Dessutan var det ruskeslått langt utover hausten. Både heime og på setra var det vanleg med slåttgraut når onna var ferdig.

Skurdonna

Skurdonna skulle berge folket gjennom eit nytt år. Det var støtt ei hugsott om været heldt seg gjennom jøynnetene (Jarnnettene, 27., 28. og 29. august)^{xxx}. Som under slåttonna var det mykje folk i arbeid, dei faste tenestfolka på garden, husmennene som hadde arbeidsplikt og lausfolk. Kornet vart skore med skjero, og bunde til eit band: Ei hendale vart lagt på bendilen, og han vart åtvridd til ein

knut. Det var mykje kvinnfolk som skar, og det kunne gå gjetord om kvinnfolk som var raske til å skjera åker. Men ein skulle ikkje berre vera rask, ein skulle gjera pent arbeid og. Banda skulle vera skaplege og godt bundne, og ein skulle ikkje hylme høgt (setja att høg åkerstubb). Var det ein gut som skar var det eit ordtak som sa at ein kunne sjå på køynnbande om han kom til å få en nett kjerring. Ungane var med og skar bendlane. Det var tungt arbeid å gå bøygd i åkeren og skjera. Fyrste dagane vart ein stiv og støl i kroppen, ein fekk skulbrolge.




Sigd/ skjero brukt til skæring av korn og lavere vekster. LBY 876



Binding av kornband^{xxxii}

Skaplaget^{xxxii} i skurden var vanleg å setja til 10 treva (i byggåkeren). Rekneskapsboka under skurden var talstokken, skurdstaven. I huguenden var årstalet skare inn, og på sidene førebokstavane til skurdfolket. Bak bokstavane vart det skare inn talet på treva som vedkomande skar. For kvar treva vart det skore eit hakk, først fire på skrå - ' - , for den femte trevan vart det skore heil line - \ -. Dei fem neste vart skore på tvets av dei fem fyrste. Når det var skore 10 treva hadde vedkommande eit kryss - X - på talstokken. Når betalinga for arbeidet vart gjort opp, vart det skore ein strek gjennom alle kryssa -, som ei kvittering.



Skurdstav (tal stav)

Loe, kornbanda, vart turka i treva, to og to band vart sette mot kvarandre. I ein treva var det 12 par. Eit band som ikkje hadde par vart kalla ein skvæk. Det betydde mykje å få god loturk. Når kornet var turt var det lokøyring, loa vart køyrt på låven og lagt opp i logolvet. Ung ane var med å plukka aks, ikkje noko skulle gå til spille. Når skurden var slutt, vart det ete skurdgraut. Loe vart lådå lagvis i logolvet, slik at ikkje mus og fugl kunne koma til^{xxxiii}.



Trever^{xxxiv}

Løving

Lauvinga gjekk for seg før lauvet gulna om hausten. Reiskapen var lauvjøynnet, lauvsigden. Når dei hogg lauv måtte dei passe på at det stod att vokstlege greiner som kunne vekse til, slik at bjørka kunne hoggast att om nokre år. Bjørka fekk på dette viset ei vid krone.

Lauvet vart bunde i kjørv^{xxxv} med ein svilk, og stekt i stakk eller stekkje til vinteren kom. Bjørka vart hoggen så langt ned at det vart passeleg høgd å stekkje kjørva i ho. Ved bruket Rusten i Lia kan vi sjå rest ar av lauvabjørk, lauvingsbjørk .

Skaplaget for ein kar var 100 lauvkjørv om dagen. Så mykje trang kvart småkrytyr gjennom vinteren. Det vart hogge lauv til småkrytyram av older og. Rislauvet vart hogge av fjellbjørk. Riset (av fjellbjørk) braut dei om vinteren. Det var kua som fekk riset og rislauvet.



Løvvern. VHV 602

Sopalauv eller råkålauv vart samla saman når lauvet hadde falle om hausten. Sopalauvet vart lagt i brika til småkrytyran. Sopalauvet vart og brukt til å strø teillen med, om dei ikkje hadde anna sorp. Men det var eit låkt sorp, for det tok ikkje til seg noko særleg med væte.

Bar^{xxxvi} var det og hogge. Kvistane av trea som vart køyrde til gards vinterstid vart kasta inn åt småkrytyrom (geita). Dei gnog av barken, sidan vart kvistane teke ut og brukta til ved. For mora vart det sagt at friarane som var innom garden skulle hogge barveden for sengjekleslitet (betaling for losji). Dei fleste lura seg vel unna plikta, dei kom og gjekk om klevaglaset, i dølgsmål. Bar og bet ellerbeit (ris og rislauv av fjellbjørk) var viktig tilleggsfor gjennom ein lang vinter.

Måsåtakinga

Måsåtakinga gjekk for seg utpå hausten, når det var måsåvær. Måsåvær var rått vær slik at måså'n var passe sydden (rå). Da fraus lassa til når kaldværet kom, og dei vart handterlege når dei skulle køyrast heim med hest og sleda. Var måså'n for turr vart han knasa sund. Ris eller rislauv vart ikkje gjeve kua saman med måså, for kua vart sårtent av måså'n.

Måså'n vart rive med måsårive, ei rive med lange jarntindar. Måså'n vart bore i måsårep, ei stor korg av viukvistar, og samla til lass. Eit måsålass vart rekna som tri ganger tri måsårep, tri i lengda og tri i høgda. Draglassa var mindre, ofte fem rep. Skaplaget vart å ta tri lass for dagen.

Når dei starta med å leggja eit lass vart det fyrst lagt kvistar/kjørr på bakken, for at lasset ikkje skulle fryse fast. Vart det brukt stenger i staden, vart dei bruktuil å lyfte måsålasset på sleda'n. Oppå kvistane vart måsårepa tømde. Til slutt vart det sett ei spjølk med eigamerke på toppen av lasset. Når lynningsføret kom vart måsålassa køyrde fram tillynnarplassen. Lynningsføre var det når snøen kom, men ikkje så mykje at det var travaleg å køyre. Ut over vinteren vart lassa køyrde heim.



Måsårive. LT 925



Måsårep. LBY



Måsårive. LBY 800

Truskinga

Truskinga gjekk for seg utover heile vinteren. På klåre og kalde vinterdagar kunne ein høyre dunkinga frå tustslaga frå låvane i grenda. Tusta vart brukt til å slå kornet ut av banda. Tusta var sett saman av to delar, handvol og slagvol. Ei skinnreim, tustbandet, held delane saman. Det var oftast to som truska, dei slo på banda kvar sin gong, dei heldt truskarlag. Loa vart lagt rundt truskargolvet med aksenden innover. Når dei hadde gått over alle banda vart dei snudde og truska på andre siden.

Halmen ble råka frå, og agnen og kornet som låg att vart kalla dråså. Dei truska fleire slike omgangar før dei tina dråså 'n.



Tust eller sliul.^{xxxvii}

Når dei tina, fintruska dei vel gjennom dråså'n slik at alt kornet vart skilt frå agna. Dråsåsoldet, hælsoldet vart brukt for å skilje kornet og agnen, hæl 'n. Så vart kornet harpa med kornharpa for å få burt dei siste restane av rusk og ugrasfrø. Dei kunne og bruke meldsoldet. Dette var finare og mindre enn dråsåsoldet, så fint at berre ugrasfrøet gjekk gjennom.



Sold. LBY 528

Sold (meldsold?). LBY 520



Kornharpe. LBY 573



Kastskovl. LBY 119



Låvereko. LBY 204

Nå låg kornet i ein haug ved døra. Det skulle kastast for å få skilt ut det beste kornet. Til dette arbeidet vart det brukt ein kastskolv. Kornet vart kasta innover golvet. Det tyngste, og dermed det

beste kornet, vart liggjande lengst borte, ved veggen. Dette vart kalla veggjerånde. Veggjerånde vart brukt til såkorn, grautmjøl og maltkorn. Lettkøyntnet, låkaste kornet, datt ned nærist agna, og vart av summe kalla purkematen. Summe delte kastet i tri og fekk noko dei kalla me'køyntnet. Kornet vart måka saman med lårreko, ein brei spade av tre. Kornet vart frakta åt tørstugu og kverna i hiter. Hitene var ofte laga av geitskinn, med håra ut, og dei smalna oppover^{xxxviii}.



Skinnhit. LBY 967

Slaktinga

Slaktinga gjekk for seg seinhaustes, gjerne oppunder jul. Det vart alltid slakta på vaksan' (veksande måne). Vart det slakta på tverran' (nea, minkande måne) minka kjøtet og kraup i hop i kokinga, sa dei gamle. På gardar med mykje folk vart det slakta mange dyr, ein skulle ha mat eit heilt år. Elise Aubert, dotter til presten Julius Aars som var i Lom frå 1851 - 1862, fortel i boka "Fra de gamle Prestegaarde": "Fra November til Jul havde vi tre store Slagtninger paa Prestegaarden, 20 Sauer, 5 Naut og 5 Griser. Griseslagtningen kom sidst." Summe slakta sjølve, og andre leigde seg slaktar. Det var støtt med slaktarrkjerring, ofte ei eldre husmannskjerring eller eit eldre ugift kvinnfolk. Slaktaren og slaktarkjerringje fekk alltid med seg slaktbeta heim.

Det meste av kjøtet vart salta og hengt opp til turking og speking. Hermetiseringa er ein ny oppbevaringsmåte. Grisslaktet vart skolda, ein slo på kokande vatn og skrapa av busta. Hugu og stettane (føttene) vart brukt til sylte. Rompa skulle grisaktaren ha, vart det sagt. Skrotten vart delt i to langsetter og lagt heil i salttroget.


Etter saltinga vat fleskeskira hengt på stabburet til turking og speking. Nauta vart flådde, og skrotten lema (delt opp). Kjøtet vart salta og brukt til spikjimat. Av mårmaten (innmaten og kjøt) vart det mårpysje, spikjipysje. Mårmaten vart hakka små med to hakkeknivar, eller ei lita øks, i eit mårtrøg. Det fanst ikkje kjøtkvern slik som i dag. Kjøtkverna kom først rundt år 1900. Mauken^{xxxix} vart stappa i tarmane, lagt til salting og sidan hengt opp til turking og speking. Pølsene vart læste i endane med pysjspytu (små trepinnar). Når gauken gol om våren var flesket spikji, sa dei gamle. Av blodet vart det blant anna laga pølser og klubb. I pysjmauen var det pysjrøynning (rodning), grovt grynmale bygg. Blodpølsa vart kokt og hengt på stabburet. Tarmane av slaktet vart tømde, skrapa og vaska og brukt til pysjskinn (pølseskinn).

Feittet vart smelta til tolg (talg) og smult. Finaste tolgen vart skore opp og nytta i blodpølsa, smultet vart brukt i feittbrødet. "Avfallet" ein fekk ved smeltinga, kroto, vart nytta i krotobrødet. Slaktinga

gav ikkje berre mat. Alt av dyra skulle nyttast. Simplaste feittet vart det kokt såpe av, heimkoktsåpe. Tølg vart det au brukt å ljosstøypinga. Skinna og huda vart barka og brukt til fellar, klede og reip, horna til homskeier. Tagl, bust og nauthår vart og brukt til ulike ting. Røyte (nauthår) og hønfjør vart brukt til fyll i on' dyna og puta, ofte saman med avisepapir så det ikkje klanka seg så lett.

Ølbryggjinga

Ølbryggjinga var eit langvarig arbeid, fyryarbeidet tok mange dagar. Ølet har støtt vore ei viktig drikke, det høyarde med til "det dag lege brød". Det er hermt etter "Gamal-Gauparen" (1784 - 1873): "So godt øl og slik kaku som eg har då - og enda vil deifan ikkje vera hjå meg". Dette sa han når tenarane reiste frå han. Etter gamalt vart ølet kalla munngodt.



Øltønde. LBY 303



Ølkrus. LBY 107

Maltølet var likaste ølet, og for å lage dette måtte ein ha malt. Maltkøynnet var bygg, og alltid av veggjerande. Kornet vart lagt i sekker og bløytt nokre dagar. Så vart det lagt til groing. Når alt hadde grodd passeleg vart det fyra i tørstugu'n og maltkornet vart turka. Det vart rørt i det så det ikkje skulle bli sve'smak av det. Så vart maltkornet køyrt åt kverna og male. Det skulle vera grovt som "purkerøynning".

Koppar, kar og anna som vart brukt under ølbryggjinga var meiskekaret eller meiskekjæret, bryggjestetta, bryggjetrett, sil 'år (silhår) og rostved. Maltet vart tømd oppi meiskekaret, og kokande einlog vart slege over til det var ei passeleg stinn blanding. Steinar, som hadde lege i glohaugen vart lagt oppi for å koke meisken. Dette stod ei stund. Rostveden (borklause einkvistar eller andre trespiler) vart lagt utover botnen i bryggjestetta. Vyrteret skulle leggje seg ned her og tappast ut gjennom birhåna'n. Ein halmring, helst av rughalm, vart lagt oppå rostveden, og eit sekkjeklede over dette att. Den kokande meisken vart slege oppi bryggjestatta. Kokande einlog vart slege på meisken til alt vyrteret hadde runne ut^{xl}.



Meskekar/bryggestett. LT 182



Gangring, gjærring eller gjærkrans. LBY 123



Bryggerist. Brukt i stedet for kvist

Vyrteret (vørteret) vart så kokt for at det ikkje skulle kaste seg (surne under gjæringa). Ola Øyjordet fortel at han hugsar mor hans skvetta litt vyrter i glohaugen: "Dette skal han Gullbrand (varmen) ha", sa ho. Vyrteret vart slege oppi det reinvaska meiskekaret att. Gangringen (gjærkranse) vart bløytt opp og lagt oppi. Så var gjæringa i gang. Gangringen var full av turr ølgjær frå sist det var bryggja. Gangringen var fletta av halm. Når dei bryggja la det seg ølgjær på halmringen. Når han vart hengt opp til turk etter bryggjinga, hadde dei gjær ved neste bryggjing og. Gangringen av tre vart brukt på same måten. Han var sett saman av mange små flate "trespildrer", slik at gjæren la seg på desse flatene.

Var det låkt med korn kunne dei bryggje einlogøl og halmlogøl. I staden for malt vart det kokt ein log av eine eller halm. I denne logen vart det sett til sukker og gjær (gangring/gjærkrans).

I gjestebod gjekk ølet rundt bordet i utskorne eller rosernåla ølkrus eller ølskåler. På skålene var det ofte måla moralske regler eller kanskje meir skjemtande ord: "Drikk ølet før det dovnar" - kyss gjenta før ho sovnar".

Bakingen

Båkinga gjekk over fleire dagar, ofte ei heil veke, for brødet skulle røkkje i hop att. Det vart båkå vår og haust. Gardane hadde faste bakstarar, ofte ei husmannskjerring som kom til gards. Bakstkjerringa sat ved baksthella heile dagen. Mat og drikke vart bore åt eldhuset så ho slapp å gå frå varmen. Karane hogg bakstveden. Bakstveden måtte vera turr og småkløyvd, og han skulle vera pen. Den som

hogg stygg bakstved, fekk stygg kjerring, heitte det. Brødmjølet var male av me'kornet eller lett-kornet^{xli}.



Brødbakst på uppigard Garmo. Helene Garmo er bakstkjerring.

Når det var prata om brødet, var det hardbrødet (flatbrødet) ein meinte. Kaku, vanleg omnsbrød, var truleg ikkje vanleg kost før etter år 1900. Det vart båkå fleire slags brød. Det var einsteikt og tvisteikt brød, stykkybrød, og kalla storrumbrød eller feittbrød, krotobrød og meiskebrød. Ertbrød kunne det og bli båkå. Erter vart male til ertmjøl og blanda med byggmjøl.

Einstekt brød var det finaste brødet, og vart steikt ein og ein leiv. Twisteiktbrødet var kvandagsbrød, og vart, som namnet seier, steikt to leivar saman. Fyrste leiven vart halvsteikt, snudd ein gong, før andre leiven vart lagt på. Når fyrste leiven var ferdigsteikt vart både leivane snudde saman, og fyrste leiven teke av. Så vart det lagt på ein ny leiv. Eit ordtak seier at brent brød skal ein ikkje vera reddfor å eta, einfår pene tanner og god sangstemme av det.

Brødet var lenge laga av byggmjøl og vatn. Da poteta vart vanleg i bruk, vart ho brukt i brødbakinga. Poteta vart male i ei trekvem. I stykkybrødet er det i tillegg smult, feitt. Krotobrødet og meiskeebrødet var simpelt brød, men det metta, og var med å drygde det andre brødet. Kroto får ein når ein smeltar ut tolget eller smultet av bluku (feittet som ligg kring magen på grisens). Meisken frå maltølbryggjinga vart nytta i meiskebrødet. Meiskebrødet var visstnok stift og grovt, og ein kjende det godt når det passerte ned gjennom halsen, har det vorte sagt. Derfor ordtaket: Han/ho er så sot at ein kan eta meiskebrød attåt han/ho.

Når det vart båkå brød hadde ein bruk for knotrog, ronda og ruta kjevle, ein lang fløyg og ein stutt fløyg, kalla bliktflygen, bakstfjøl og baksthelle. Bakstfjøla og baksthella blir kalla bakstgogn. Dette blir brukt i dag og, men mange har bytt ut den vedfyra baksthella med elektrisk takke. Knotroget blir brukt til å elte nodo, knoa (deigen) i. Leiven blir båkå ut på bakstfjøla. Men først blir leiven klingla (ein klappar ein kant rundt emnet, som ein etterpå trykker flat). Bliktflygen blir brukt til å blikte leiven (løfte leiven) slik at det kjem luft under han. Leiven blir reiva opp på den lange fløygen og lagt over på baksthella. Sida på leiven som vender opp mot kjevlet er bakstsida, sida ned mot bakstfjøla er mjølsida. Mjølet ein brukar på bakstfjøla blir kalla breimjølet. Brødet vart lagt opp i heile leivar. Seterbrødet og skogalefsa (brødet til utnisting) vart bretta saman til vengjelefse.



Bakstrau. LT 237



Rutekjevle. LT 1081



Bakstfjøl LBY 584



Baksthelle. LBY 583



Fløytbrot / rennkniv (kort bakefløyg?) LBY 823



Lang bakefleig/ bakefløyg. LT 773

Brød for gjestene

Rumbrød, avletto, skrivarbrød og goro var gjestvonkost. Rumbrødet vart laga av rumme, i dag blir det båkå av feitt. Rumbrødsnodo vart kjevla ut på bakstfjøla og stikka ut til små leivar med rumbrødslokket og bakelstrinsa, og steikt på baksthella. Til avletter og skrivarbrød vart det laga åkost, ei stinn røre, som vart steikt i jarn med lange skaft i skorsteinen. Avlettene vart steikt i avlettjøynn. On 'bekste til skrivarrbrødet vart steikt i jarn som var noko større, on 'bekstjøynn eller aposteljøynn. Det vart skrivi på on'bekste. Åkost vart smurd på eine sida og så vart det krota mønster med ein neverkam. Brødet vart steikt på ei klebberhelle som var reist opp i skorsteinen. Når eine sida var ferdig, vart det skrivi på den andre.

Når det vart båkå kaku (vanleg omnsbrød) hadde dei ikkje gjær slik vi har i dag. Det vart brukt fatgang. Når kakudeigen var gjæra, tok dei litt av deigen og hadde i ei gangkule (trebolle), og klemde det utover sidene. Mellom kvar gong det vart båkå vart gangkula sett bort til turking. Neste gong dei skulle selja kakudeig, bløyte dei opp fattgangen og hadde dette i kakudeigen. Tørstuguomnen vart brukt til steikjinga. Det ser ikkje ut til at det har vore tradisjon for bakaromnar i Lom.

Matstellet

Matstellet var eit ansvarsfullt arbeid og ikkje minst eit tidkrevjande arbeid der det var mykje folk. Alle som var i arbeid på garden hadde maten der. Eit ordtak seier at det er pent alt som er lite, så nær som lite mat. Sjølv om stabburet var fullt med mat så hadde husmora ansvaret for at han skulle vara til neste slakting. Og ein skulle gjerne ha noko i reserve til kvar tid. Det kunne koma eit uår. Det var

summe gardar der husmora var kjend for å vera snøyopen med maten. Ei herme fortel om dette: "I går såg eg så vel at eg såg Sundlidi gjennom ostskiva mi, og i dag ser eg så låkt at eg ser ikkje smøret på kakuskivun mine", sa ein tenestgut på ein gard i Vågå. Gron og sugl var nemninga på maten før i tida. Gronet var mjølmaten, graut og brød. Suglet var kjøtmaten og mjølkematen, ost og smør. Suglet skulle ikkje maulast (etast utan brød).

Grøten



Grøtsleiv. LBY 915



Spiseskje. LBY 841

Vassgrauten var vanleg kost ved fleire måltid om dagen. Han vart ete nykokt og varm til dugurds, med mjølk eller øl til. Til kvelds vart han ete kald om sommaren og vermt på om vinteren. Han vart skore opp og vermt i mjølk. Grautmjølet var male av beste kornet, veggjerande. Vassgrauten ble kokt av byggmjøl og vatn, og ei klype salt. Mjølet vart tulla på med turu. Det var to ulike turu, tindturu og krossturu. Når grauten tok til å bli stinn, skulle han stappast. Grauten skulle vera hardstappa, da metta han betre, og ein heldt seg lenger mett. Grauten vart aust opp i grautfatet med ei sleiv. "Dæ æ eit leikan å eta denne lø-grauten" - sa ein vagvær som var med og åt dugurd på ein gard i Lom. Grautgryta vart skråpå med grautjøynn (grautjarn), eit lite jarn med skrå kant framme.



Grøtgryte t.v. LBY 1084



Tware eller turu^{xlii}. LBY 914

Måltider i løpet av dagen

Det var vanleg med fire måltid om dagen, fem om ein reknar med matbeta'n dei fekk før fyrste økta. Dei fire vanlege måla var mårgåverd, dugurd, non og kveldvord.

Til mårgåverds var det brød med smør og ost, og mysusuppe laga av surmysu, vatn og byggmjøl. Til dugurds var det vassgraut. Drikka var rend mjølk (skumma mjølk), brim, skjør (surmjølk) eller øl. Brim var innkokt saup frå kinninga, som vart blanda ut til grautvæske. Nonsmaten var for det meste kokt kjøt og flesk, og suppe med gryn i. Det vart variert med grynpysje (gryn og kjøt), blodmat og mylju (feitt, potetar og hardbrød). Fisk og sild vart og brukt av og til. Det har vorte sagt at kjøtgryta skulle nyttast til tri matmål: ein gong kjøt og flesk, ein gong mylju og ein gong grynpysje. Om sommaren vart det variert med spikjikjøt, spikjflesk og hardbrødsøyll (soll) av rend mjølk. Til kveldvord var det brød med smør og ost, vermt-på-graut om vinteren og kaldgraut om sommaren. Poteta vart truleg ikkje vanleg kost før 1800-talet.

Kjøtmaten vart lenge påbytt, skifta. Det vil seia at kjerringje porsjonerte han ut til kvar enkelt når dem sat ved matbordet. I dag og kan ein høyre eldre folk seie "takk for skiftet" når dei går frå bordet. Kjøtmaten vart ete som spikjimat og som kokt kjøt og flesk. Det var berre i slaktetida han vart ete fersk. Smøret vart det spara på, for det var byvare som ein kunne få pengar for, eller helst byte i andre varer. I staden vart det brukta blandsmør.

Kaffen



Kaffebrenner. LT 2500



Knubbekvern. Kaffekvern. LBY 11

Kaffen vart kjøpt ubrend. Han vart brend i ein kaffebrennar, ei jarnskuffe med lokk og langt skaft. Kaffebrennaren vart halde over glørne i skorsteinen, og rista slik at kaffebønnene var jamnt brende. Kaffen vart knust i ei kaffekvern, og kalla knubbekvern. Dette var ein uthola stokk med ein rull som passa ned i. Seinare kom det kaffeelektrisk kvern der ein vatt bønnene gjennom. Knubb vart laga som

kaffeerstatning eller til å blande ut kaffen med for å dryggje han. Knubben vart laga av ein fast deig av byggmjøl, vatn og litt rugmjøl. Deigen vart trilla ut til tunne pølser, og skore opp i terningar, "store som geitlort". Desse vart turka, brende og malne.

Festmaten

Medan maten til kvandags var enkel, vart det virkeleg "fråtsa" når det var lag. Da vart det teke fram av det beste som fanst, og det vart ikkje spara på noko. Gjestbo'skosten var rumgraut, såengraut, smør, ost, avletter, rumbrød og andre fine kaker. Bådmannsbøne seier noka om dette:

"Avletto, avlettringe, kein brupigein mæ seg bringe. Rumgraut og såengraut kein oss ikkje vente, mindre ho kjøm kjerringje sjøl, heil ei gāmøl ung-gjente."



Sendingskorg. LT 741



Grautambar. LBY 92

Bodsmannen gjekk rundt i be'arlaget (grenda) og bad kvar enkelt til lag^{xliii}. Han sa fram ei regle om kven som bad, kven som skulle bedast og kva dei skulle ha med seg. Alle samankomstene var "spleiseland". Gjestane hadde med seg sending i grautembarar og sendingskorger. Grautembarane var rikt dekorerte, mål a eller skore på, som alt anna som vart bruk til stas. For å halde grauten varmt vart embaren dekt med eit fint klede, grautklede, ofte av lin med blonde av sprang i eine enden. Grautkledet vart halde på plass med grautbandet, som vart påbunde på ein spesiell måte. Om vinteren kunne det bli brukt eit klede av ull. Det har vorte fortalt at vart ikkje grauten servert med ein gong, hende det at grautembarane vart pakka under dyna i ei seng for at grauten skulle halde seg varm. Sendingskorga var bunde av tæg (ei fåt, fleire tæg = bjørkerot) i flotte mønster. Ein kvit duk vart lagt i korga, og maten sett ned i, og duken vart bretta over. Som på embaren vart det bunde på eit vove band, korgeband, sendingsband. Bandet som vart brukt på sendingskorga var smalare enn grautbandet, om lag 1,5 cm breidt. Rumgrauten var likaste grauten. Det var vanleg å ha med seg rumgraut som bar 'sengmat og. Såengraut var laga av mjølk som vart innkokt til ein brun, stinn graut.



Grøtklede. LH 1261



Grøtband LH 1262

Bordskikk

Her i distriktet var det truleg mest brukt eitt bordhald, både sjølfolket og tenestfolka åt av same maten og ved same bordet. Når dei benka seg til måls sat karane innafor bordet, ofte etter rang. Kvinnfolka og ungane sat på bordkrakken framfor bordet, husmora øvst, nærrast hægsæte der meinn sjøl sat. Når det var gjestbo' (lag) sat dei omvendt, karane framfor bordet og kvinnfolka innafor.

Det var ikkje vanleg med tallerknar, i alle fall ikkje til kvandagsbruk. Når det var skeimat åt fleire av same grautfatet og væskekoppen. Der kvar enkelt åt frå grautfatet, vart det grautbal (graubard). Til kjøtmaten vart det brukt eit brødstykky som tallerken. Brødet vart ete opp til slutt. Alle hadde kvar sine skeier som dei berre turka av på trøyermet og sette i ein sprikk i veggen. Seinare vart det vanleg å setja skeiene i ei skeilo' (ei trespildre^{xliv} på veggen) eller i ein skeilaup. Skeiene var laga av tre eller horn. Karane hadde kvar sin tollkniv, som dei bar på seg. Dei hjalp truleg kvinnfolka med å skjera opp maten. Gaffelen er eit nymotens reiskap, det var femklogaffelen (fingrane) som vart brukt. Når det var gjestbo' hadde kvar med seg eigne skeier og knivar. Det hende kvinnfolka hadde med seg kniv og, små, fine knivar som ein kunne leggje saman, jonger.



Foldekniv. (Jong?)LBY 415



Grøtbolle. LT 1596

Dei hadde ikkje så mange rettar å variere med slik vi har. Men når det berre var nok mat, så åt dei nok like sunn kost som vi i dag. Det er ein som skal ha sagt at det er tå graute, tvisteiktbrøde og spikjimate lomver'n ha fått nerken ti seg.

Klestellet



Klestellet kravde si tid. Før den tida kom at ein kunne gå på bue å kjøpe det ein trong, vart alt produsert på garden. Kvinnfolka hadde støtt noko i hendene, jamvel om dei gjekk utu garde. Da gjekk

dei med bunding og hadde nysta i ein bundingsklåvå, bundingskrok, som dei hekta på seg. Det var fast takst at budeia sat ved rokken nokre timar før ho gjekk åt fjoset om morgonen^{xlv}. Det gjorde ho og i kveldseton.




Nøstekrok. Også kalt bundingskrok eller bundingsklave/bundingsklåve. LT 2002

Linet og hampen vart igjennomhave før jul, ulla etter jul. Når det lei på våren rende dei veven. Men i julhelga var alt arbeid som ikkje var naudsynt lagt burt, slik au med spinninga. Men etter 13. helga (trettande dag jul var helg før i tida) vart rokken teke fram att. Fyrste framande mannen som kom inn i stugu og helsa på spånår 'n vart rokkemann. Rokkemannen skulle halde i stand rokken i året som kom. Det var vanleg at han skulle ha ei gave av spånår'n, ofte hosoband. Var det ei ungjente som sat og spann, var det ofte ein eller annan skøyter som fekk lura ein gammal kall inn i stugu. Hadde rokkemannen langt skjegg, vart det langt lin det året.



Opplysningane er samla av Torild Enersvold.
Informantar: Rønnaug Plassen, Rønnaug Kvæle, Anna T Vole, Gudrun Vågåsar.

Hjulrokkens oppbygging



Skjematiske framstilling av virkemåten til en hjulrokk av vingerokk-typen der spinning og oppvikling foregår samtidig: Foten på tråbrettet (b) driver rokkesveiven (c) som får veitappen og drivhjulet (a) til å gå rundt. Rokkesnora (e) er lagt to ganger om drivhjulet og føres videre rundt den store trinsen (i) til vingen (f) og rundt den lille trinsen (h) til spolen (m). Dermed drives spolen (snella) og vingen (spindelen) i ulik hastighet. Slik tvinnes fibrene (g) til en tråd samtidig som det ferdige spunne garnet trekkes inn og vikles opp rundt spolen.

Det var mykje arbeid frå linet og hampen var hausta til ein kunne ta det ferdige arbeidet ut av velen^{xlvi}. Linet vart ikkje skore, men rykt opp med rota. Linet vart turka i hess eller på kluft før frøkapslane vart rispa av. Så vart linet fådd. Dette vart ofte gjort om våren. Linet vart lagt utover marka, i ein bekk eller ei kjelde, slik at ytste laget kring tekstilfibrane rotna og kunne fjemast. Dette vart og kalla røyting. Etter dette måtte linet turkast før det vart bråka, veddelen vart da brote opp. Til dette arbeidet vart det brukta ei bråke. For å fjerne veden frå linfibrane vart linet skalda.

Heklinga var siste prosessen før spinninga, og kan på ein måte samanliknast med kardinga av ulla. Når ein slo ei brugde lin ned på tindane i hekla, og drog ho gjennom, vart linfibrane delt frå strya (stuttaste fibrane). Ein fortsette med dette til ein fekk reinhekla spinnelin. Når linet vart spunne vart det brukta rokehugu på ein vanleg rokk. Hampen var bereidd på same måten som linet. Det har au vore sagt at brennheto vart nytta, og ho vart og stelt til på same måten^{xlvii}.



Linbråke. Brukt til bryting av lin. LBY 102



Linhekle. LBY 68

Sauen vart klypt vår og haust. Om våren var det mange som bada sauken før klyppinga. Sauklyppinga var og kvinnfolkarbeid. Vårulla vart kalla veft og haustulla tona. Ho som sat med kardane hadde tonakassa ståande ved sida av seg. Tonakassa hadde to rom eit for ukarda ull og eit for tullane ein fekk når ulla var karda^{xlviii}. Ulla vart karda for å få blanda fibrane så godt som mogleg.



Karde. LBY 907




Tonakasse. LBY 45

Fine tullar gav jamnt og fint garn, jamn farging og hindra at tyet kraup ujamnt. Tullane vart spunne på rokken. Frå langt attende var det spunne på håndtein^{xlix}. Håndteinen vart brukt etter at rokken kom og, fordi det var lettvint å ta han med seg. Når ein spenn måtte ein nokke (flytja tråden på nokkane) ofte, så tråden vart liggjande tett på snelda. Når sneida var full av garn, vart ho teke ut og ei anna sett inn. Når dei skulle ha 2-tråds eller 3-tråds garn vart to eller tre snelder sett i sneldstolen og garnet frå desse sneidene tvinna saman. Rokken vart brukt til dette, men tri (trødd) attåbak. Garnet vart vonde opp til ein hespil på vindkallen, og smøygd sarnan til ei dokke. Skulle dei ha bundingsgam, sette dei hespilen på eit hespetre og vatt det opp til eit nysta, nykla.



Handteine. LT 256






T.v: Spinning av tråd ved hjelp av en håndtein. Fibermaterialet samles først omkring en kjøpp, en såkalt håndrok (rokk) (a), mens en del av fibertrådene festes til håndteinen (b-c), som er en pinne (tein) med spinnehjul eller håndteinsnelle (snella). Når håndteinen slippes som et lodd og snurres rundt, strekkes fibrene ut og tvinnes med fingrene til en trådlengde som vikles opp rundt teinen. Teknikken krever en viss trening for å få en jevn tråd.
T.h: Kvinne som spinner med handtein. Relief fra Iran 800 – 500 f. kr.

Eldste vevtypen er uppstadveven. Høyena (biletvevnaden) i museet er vove på uppstaddev. Den vanlege veven vi kjenner i dag er flatveven, som vi kallar eit vevgreie. Når veven skulle rennast måtte dei fyrst bomme garnet, garnet vart vonde over på kabbane, som låg i ein kabbestol. Så måtte garnet rennast på vorpa (rennbommen). Nå kunne renninga sveipast på veven. Når dei trædde hovlane og vevskeia, brukte dei ein skeikrok. Når ein vov med tviskjeft (to skaft) fekk ein lerret. Når ein vov øvmmøl (vadmel) brukte ein to troo, trodo (trører) ned og to opp. Tre troa ned og ei opp kallast nedtri (nedtrødd).

Det låg mange arbeidstimar bak eit ferdig produkt som vart knytt utu veven. Og enda var det att å sy kle 'e av det tyet som var vove til det føremålet. Ein del av garnet som vart spunne vart blant anna brukt til å binde hoso (strømper). Dei kasta opp (la opp masker) ein hosobunding, batt legg og fot, og fekja att (felte att foten).

*Vevgreie
flatrev*



- 1. Kråke
- 2. Bakrev
- 3. Framrev / tyrev
- 4. Bringrev / brystrev
- 5. Slabom
- 6. Trinse
- 7. Bikko / vippo
- 8. Hovulskäft
- 9. Vevskei
- 10. Troo / trodo
- 11. Setofjol / sessfjol
- 12. Sleppstav
- 13. Kamhjul

Opplysningane er samla av Torild Enervold.
Informantar: Gudrun Vågåsar, Rønnaug Kvåle, Rønnaug Plassen, Anna T Vole

Klesvask, stryking, rulling

Klevasken var ikkje så enkel som å ha kle'a inn i ei maskine og trykkje på ein knapp. Kle'a vart ofte vaska ved elva eller bekken, banka med eit banketre og/eller tulla på tullarfjøla. Eg hugsar bestemor vaska kle'e i Gjelingen på 1960-talet. Ho kokte i ei gammal ystpanne, som ho gjorde opp varme under. Om kle'a vart vaska i eldhuset, vart dei bore åt elva eller bekken når dei skulle skyljast. Folk på Bergom skylde klevasken sin i Bøvra. Fossheim køyrde klevasken med ei gammal merr, Fossheimgula, til vassverket på Bergom kom i 1950. Nils Haugen var av dei fyrste som hadde innlagt vatn på Bergom, truleg sist på 1890-talet.



Tullarfjøl (vaskebrett). LBY 504



Banketre. LT 1051

Kle'a, dukar, handkle og andre tekstilar vart strokje eller rulla. Strokjøynnet vart vermt i skorsteinen eller på omnsplata. Summe jarn hadde ein boltⁱ, som vart teke ut og vermt opp, da vart ikkje jarnet sotete. Når kle'a vart rulla vart det brukt rullargogn. Rullargogna har to delar, rullarfjøla og kavlen som ein reivar tekstilane på. Seinare kom det kleruller som ein vatt tekstilane gjennom. Rommet der klerulla stod vart ofte nemnt som rullestugu.



T.v. og midt. Manglebrett (dial. rullarfjøl). LBY 135



S 1838



Rullestokk (dial. kavle). LT 690



Strykejern og bolt. LBY 285

Så mykje arbeid som det var både med å skaffe kle'a og vedlikehaldet av dei, var det ikkje rart at dei skilde skarpt mellom kle'a til stasbruk og til kvandagsbruk. Det vart skilt mellom høgtidskle'e, vælsemkle 'e (sundagsklede) og kvandagskle 'e. Det var ikkje så mykje kva slags klede det var, men heller kor gamalt plagget var som bestemte kva for bruk det var til.

ⁱ Foreliggende tekst er en nyredigert utgave av teksthæftet Det gamle Bondesamfunnet, s 1-30, 1996 ved T. Enersvold. Alt bildmaterial er nytt med foto fra museets egne samlinger. Den nyredigerte teksten har jeg også supplert med forklarende noter

ⁱⁱ Hovudtyngda av gjenstandane er grautambarar, rullarfjøler, ølkrus, høyen og selaty. Men det er og fem spissledar og ein del sko spenner, knivar og ulike andre gjenstandar.

ⁱⁱⁱ Se note xxxiv

^{iv} Utresket korn

^v T.h Framskap LBY 481

^{vi} I 1789 var det registrert 14 handverkarar i Lom og Skjåk. Det var fire skreddarar, sju skomakarar, to smedar og ein målar. I 1829 budde det ein dei kalla "Sølfest fellbereder" i Lom.

^{vii} Fram til 1875 var pengane spesidalar, mark (ort) og skilling. Ein spesidal = fem mark (ort) = 120 skilling. Etter 1875 gjekk vi over til kroner og øre.

^{viii} På Frisvoldmoen og andre plassar i Garmo, var dette praktisert på 1960-talet

^{ix} Skålformet åpen tranlampe av jernblikk eller tre, før parafinlampens tid meget alminnelig som belysningsmiddel i alle de nordiske land. Kolen hang i en krok og hadde en eller flere veker.

^x Foto Norsk Folkemuseum

^x Denne filen er offentlig eiendom (Public Domain) på grunn av at kopiretten har blitt foreldet. Det vil si at opphavsmannen døde før minst 70 år siden.

Dette gjelder i Norge, EU og andre land med slike opphavsrettslover.

^{xii} Ulden som skulle kartes hadde man liggende i tonakassen

^{xiii} åkerrull, trommel, opprinnelig laget av en sylinderisk trestokk, redskap som pakker sammen åkerjorden, jevner overflaten, presser ned stein og knuser klumper. Gir bedre såbed og bedre mark ved innhøsting. Ringtrommelen er sammensatt av støpejernsringer med kileformet tverrsnitt. På cambridgetrommelen er annenhver ring tannet.

^{xiv} Foto Hedmarksmuseet

^{xv} Foto utstilling i Storstabbur

^{xvi} I "Gjev Herren oss sol". Om vatning i Ottardalen

^{xvii} Foto Jonny Haugen, i Gregor kummen Vatnet, Skjåk Historielag 1983

^{xviii} Foto utstilling i Storstabbur

^{xix} Ein "Chontragt om Wittingsvandet" som er datert 4. juli 1786 seier det slik:

"Hver av Interesentene som enten tager Vandet bort eller paa nogen Maade hindrer Vandets ordentlige gang naar det ikke tilkommer den at bruge det, skal betale til Sognets Fattig-kasse Iste gang 1 Rd., 2den gang 2 Rd. og 3df!..J5ang miste sin Andpart aldeles iVandet. "

^{xx} Foto utstilling i Storstabbur

^{xxi} Foto utstilling i Storstabbur

^{xxii} Foto utstilling i Storstabbur

^{xxiii} Det var brukt ulike orv etter som kvar det vart slege. Fangorvet, langorvet vart brukt på store og slette flater, stuttorvet vart brukt til ruskeslått mellom buskar og der det var ulendt. Til slik slått var truleg plukksigden brukt og. Vanleg tokagga orv vart og brukt.

^{xxiv} Foto Olve Utne. Wikipedia

^{xxv} Skaplaget vart rekna til ein mæling, som er fire slåttmål. Mælingen kunne variere frå 9604 - 12544 kvadratalen, og vart truleg rekna til det minste målet i Norddalen.

^{xxvi} Liten høyhaug av halvrått gress.

^{xxvii} En hesje er et stativ til å tørke høy, utresket korn, torv m.m. på. Består av en rad med staur som er satt ned i bakken med jerngråd, lange staur el.l. mellom. Det som skal tørkes blir hengt over tråden.

^{xxviii} Hjulslede, føringsredskap med både hjul og meier, tatt i bruk i en del områder mot slutten av 1700-tallet. Hjulsleder ble helst brukt på sommerføre, særlig i forbindelse med skurd og slåtonn (i skifter er hjulsleder ofte kalt høyslede med hjul). Hjulsleden hadde ett hjulpar, som ble plassert enten bakerst, ved midten av eller fremst på sleden. Som regel virket kombinasjonen av hjul og meier slik at når hesten dro, ble meiene løftet fra bakken (og friksjonen minsket), når hesten holdt igjen, for eksempel i utforbakke, falt meiene ned (og virket som bremser). (F. Valen-Sendstad: Norske landbruksredskaper s. 167f.)

^{xxix} Foto Akershusbasen

^{xxx} Jernnettene eller frostnettene (trolig av norrønt hjarn, 'hardfrossen mark el. snø'), tre frostnetter i august som man fryktet fordi kornet kunne bli frostskadet. Frostfaren i innlandet øker raskt etter som nettene blir lengre og luftfuktigheten minker utover i august. Jernnettene er mest kjent på Østlandet, og dateringen er svært skiftende. I Østfold var 9. august den første av jernnettene, i Solør var jernnettene det samme som laurentiusnettene, 10.–12. aug., på Østlandet ellers oftest 19., 20. og 29. aug., og i Helgeland mellom 24. og 29. aug. (<http://snl.no/jernnettene>)

^{xxxi} Foto utstilling i Storstabbur

^{xxxii} Skaplag. En på forhåbd fastsatt arbeidsmengde, som man må nå innen et visst tidsrom

^{xxxiii} Kvart lag vart kalla ei flo, og fyrste floe vart kalla årstoe, årsfloe. Det låg eit lag med høy under loa. Årstoe var ei dobbelflo, og vart lagt slik at berre aksa av fyrste bandrekka vart liggjande på høyet. Dei andrefløne (ei flo, fleire flø), la dei i ring rundt logolvet med skjølenden opp, slik at dei kunne gå uti lostålet utan å trakke av korn. Dei tok til ved veggen, og ringen vart mindre og mindre, og til slutt kunne dei knække floe. Dei tok banda frå lasset og bort i logolvet med ei losende, eller banda vart lagt i bålkehølet, og lo kråka, stålkråka sende dei vidare til han som lådå. Lokråka var oftast ein halvvekzing (ungdom).

^{xxxiv} Foto utstilling i Storstabbur

^{xxxv} Kjørv. Et bundt kviste, bundet sammen på samme måte som et kornband.

^{xxxvi} Gran- og furukvist

^{xxxvii} Foto WIKIPEDIA. Sliul/ tust. Håndredskap til å treske korn med som bestod av to stokker bundet sammen med skinnrem eller vidje: et skaft (handvolen) og en kortere slagstokk (slagvolen) som slo kornet ut av aksene. Ble også kalt tust, pril og flygel. Tresking er navn for det å få kornet skilt fra aksene det vokste på. Sliuel var i bruk fram til det ble mulig å konstruere og lage enkle treskemaskiner drevet for hånd til å gjøre jobben fra midten av 1800-tallet.

^{xxxviii} I Garmo vart det truska med tusten så seint som på 1960-talet. Peder Rusten på Rustøygard dreiv på gammelmåten på alle vis.

^{xxxix} Masse av blod, mel, krydder bruk til blodpølser

^{xl} Ølbrygging. Brygging er den prosessen hvorved vann, korn, gjær og humle omdannes til øl. Kornet - vanligvis bygg - fuktes (støpes) for å få i stand en begynnende spiring. Spiringa stanses ved at malten varmes opp. Den tørka malten kjøres i ei maltkvern og føres deretter over i meskekaret (rostekarret). Her blandes malten med vann til mesk som varmes opp. Hensikten med mesking er å få omdanna alle stoffene i malten til næringsstoffer.

Ved den enkleste formen for mesking varmes hele mesken opp til 70°C. Når mesken har nådd den nødvendige temperaturen, pumpes den over i et silekar, der de faste stoffene siles fra. Den frasilte masken går til dyrefor. Den væska som blir tilbake, kalles vørter.

Vørteren pumpes over i vørterpanna. Her kokes vørteren fra 1/2 til 2 1/2 time . Det er under vørterkokkinga at humle tilsettes. Mengden av humle kan variere mellom 0,5 og 4,5 kg pr. tonn vørter. Humle tjener til å gi ølet smak og aroma, foruten økt holdbarhet. Etter koking siles humlen fra.

(<http://no.wikipedia.org/wiki/%C3%98lbrygging>)

^{xli} Ei herme frå prestgarden i Lom fortel at dei sopte støvdomba tå låvtroppen og blanda ho i bakstmjølet. - Oss taugg så det gauv utu kjæfte -, er det hermt etter ein som heitte Sjurgurd Lien. Dei måtte tydelegvis vera nøytoge (greie seg med lite) i prestgarden.

^{xlii} Røreredskap til matlaging, særlig i forbindelse med grøt.

^{xliii} Bearlag (bedarlag, bedelag) var en gammel tradisjon i det norske bondesamfunnet. Grendene var delt inn i uformelle bearlag som besto av folket på de nærmeste nabogårdene. Ved større familiebegivenheter som dåp, konfirmasjon, bryllup og gravferd ble bearlaget invitert sammen med familien. Noen steder ved at alle på de nærliggende gårdene ble invitert, andre steder ved at det var et visst antall per gård. Bearlaget ble også innkalt til dugnad når større arbeider skulle utføres, som legging av torvtak.

Noen steder var det to slags bearlag, et mindre for dåp og gravøl, og et større for bryllup og dugnadsarbeider. Større byggearbeider lot seg gjennomføre fordi mange var med, og bryllupsgaver og «be til bustad» var startkapitalen for nygifte par. (http://no.wikipedia.org/wiki/Bedelag#cite_note-0)

^{xliv} Spildre: et langt trestykke.

^{xlv} Spinnerokk eller spinnrokk, også kalt hjulrokk eller bare rokk, er et redskap for å spinne, det vil si tvinne fibre til tråd og garn. Spunnet tråd og garn brukes særlig til å veve tekstiler og strikke klesplagg. Å lage tråd, tekstiler og tøy var svært tid- og arbeidskrevende før moderne masseproduksjon ble vanlig. Spinnerokkene, som ble tatt i bruk i Europa gradvis fra 1500-tallet, lettet deler av dette arbeidet betydelig.

De vanligste hjulrokkene i Norge har et pedaldrevet svinghjul, et vannrett eller skråstilt brett (rokkebryst), en vinge (spindel) som spinner tråden og en snelle som samtidig spoler opp garnet. På enklere skottrokker settes drivhjulet isteden i sving med håndkraft. Der vindes også garnet opp på teinen i en egen prosess etter at det er spunnet.

Opprinnelig ble ordet rokk, som kan stamme fra et gammelt indoeuropeisk ord for «å spinne», brukt som betegnelse både på det avlange trestykket (spinnekjøpp) der en henger fibermaterialet når en spinner, og på en håndtein (spindel). Siden er rokk særlig tatt i bruk som navn på forskjellige slags hjulrokker. (<http://no.wikipedia.org/wiki/Spinnerokk>)

^{xlvii} Dyrka lin (Linum usitatissimum) eller også bare kjent som «lin» er en art i slekten lin (Linum). Lin er en ettårig plante som har vært dyrket av mennesker i mer enn 10 000 år. Ulike sorter av arten har blitt foredlet frem til fremstilling av olje (oljelin) og til fibre (spinnelin) til bruk i tau, stry og tekstiler. Linfrø er også kjent som et fordøyelsesregulerende kosttilskudd.

^{xlviii} Ferdigvevd lin ble brukt til klær og andre tekstiler til stasbruk, mens hamp ble brukt til til tekstiler til kvardags bruk.

^{xlix} Tulle. En liten "pølse" av sammenrullet ull, som er et resultat av karding.

^{lx} En håndtein eller håndten, det vil si en håndholdttein, også kalt håndsnelle, håndrokk og spindel, er det eldste redskapet for å spinne eller tvinne en tråd som en kjänner til. Det består av en kort trepinne, en såkalttein, utstyrt med en tyngde i form av et spinnehjul, en trinse eller håndteinsnelle. Når fibertrådene festes til den hengende teinen og dreies samme vei rundt med fingrene, tvinnes de til garn.

Å lage tråd, tekstil og tøy var veldig tid- og arbeidskrevende før moderne masseproduksjon med spinnemaskiner, veverier og klesfabrikker ble vanlig. Da hjulrokkene gradvis erstattet håndteinene, lettet det spinnearbeidet betraktelig. De første hjulrokkene, såkalte skottrokker, kom fra orienten til Europa under middelalderen. Den mer effektive vingerokken ble utviklet i Nord-Italia og Tyskland sist på 1400-tallet. Den kom til byene i Norge på slutten av 1500-tallet, men ble vanlig først ut på 1700-tallet. Håndteiner var likevel i bruk til langt ut på 1800-tallet. De var billige, enkle å bruke og ta med seg, og de ga mer utstrukket og mykere garn. Samene brukte håndtein, snaldu, fram til annen verdenskrig. På Vestlandet benyttet kvinner håndtein til å spinne renningstråd i vevnader helt opp til 1900-tallet. I mange andre kulturer er håndtein fortsatt i

vanlig bruk, for eksempel i deler av Peru, Bolivia, Brasil, Afghanistan, Tibet, India og Iran
(<http://no.wikipedia.org/wiki/H%C3%A5ndstein>)

¹ Bolt. Stein med samme form som jernet. Steinen varmes opp og legges inn i jernet, som er hult.